

## DELTA I DEBATTEN



Vi tar gjerne imot dine innlegg til papiravisen. Husk at du også kan debattere i kommentarfeltene til artiklene på [www.dagen.no](http://www.dagen.no)

**Debattredaksjonen prioriterer korte innlegg.**

**A-debatt:** Maks lengde 4.000 tegn

**C-debatt:** Maks lengde 1500 tegn

**Kronikk:** Maks lengde 6.500 tegn.

Innlegg skal undertegnes med fullt navn. Redaksjonen skal alltid ha navn og adresse på forfatteren. Redaksjonen forbeholder seg retten til å kvalitetssikre og forkorte innlegg.

**DEBATTANSVARLIG:** redaktør **TARJEI GILJE**

Send dine innlegg til: [debatt@dagen.no](mailto:debatt@dagen.no)

## I FOKUS

## Hjernehelse – merk deg ordet

**Før jul legger** regjeringen fram en nasjonal strategi for hjernehelse. Dette blir den første i sitt slag her i landet, dessuten den første i Europa. Hjernemiljøene er spente på hva helseministeren vil lansere i strategien. Over tretti prosent av oss nordmenn vil få en hjernesykdom i løpet av livet (hjerne, ryggmarg, nervesystem). Norske tall fra Global Burden of Diseases i WHO viser at hjernesykdom står for cirka halvparten av all sykdomsbelastning.

**Hjernehelse er et** ukjent ord i Norge, men i utlandet har man lenge snakket om Brain Health. Hjernen er vårt viktigste organ. Den er uerstattelig. Vi kan bytte de fleste av kroppens organer, men ikke hjernen. Hjernen er deg, dine minner og identitet. Med hjernen styrer du livet og kroppen din. Hjernens sunnhet betyr mye for livet ditt. Det er i dag større forståelse for at vi må forebygge bedre mot hjernesykdommer, dessuten få bedre behandling og rehabilitering av dem som er rammet, samt mer hjerneforskning.

**Hjernesykdom har lenge** vært underprioritert i helsevesenet. Dette har historiske grunner. Tidligere var det nesten ingen behandlingsmuligheter. En nevrolog kunne stille diagnosen, men fikk ikke gjort så mye mer. For bare få år siden forsto man ikke hvor viktig rask behandling var for hjerneslagpasienter. De kunne bli liggende i en krok på mottaket og vente, mens hjerneskadene ble større og uopprettelig. I dag vet man at sekunder teller når slaget har inntruffet. Også for andre hjernesykdommer er det et tidsaspekt. Det gjelder å få stoppet utviklingen av sykdommen.

**Men for svært** mange hjernesykdommer kjenner vi fortsatt ikke årsaken. Og dermed har vi heller ingen helbredende behandling. Eksempler på hjernesykdommer som vi ikke kjenner årsakene til, er Parkinson, ALS og demens. Det finnes mange flere. For noen sykdommer finnes det medisiner som kan bremse opp sykdomsutviklingen, med ikke for alle. I dag er det også en erkjennelse av at psykiatriske lidelser er hjernesykdom.

**– Hjerneforskning er** som å arbeide med en detektivhistorie, sier nevrologiprofessor Espen Dietrichs ved Universitetet i Oslo og sjef for Nevrologisk avdeling på Oslo universitetssykehus. Vi kan ha noen antagelser om sykdomsårsakene, men det er slett ikke sikkert at alle «de mistenkte» er skyldige. Det er et race for å jakte på hva som er de faktiske årsakene til hjernesykdommer, sier han.

**Merk deg ordet** hjernehelse. God hjernehelse er viktig for deg og for hele befolkningen. Nettopp derfor er hjernehelsestrategien som er rett rundt hjørnet så viktig.

**Aud Kvalbein,**  
daglig leder i Hjerneverket



## DAGENS NETTKOMMENTAR

## Bra, Espen! Utrolig viktig jobb du gjør! Det blir fort altfor mange lettvinte resonnement, som forblir stående uimotsagt, i denne saken.

John Malvin Eriksen om Espen Ottosen

## TEOLOGI

## Det som Skrifta avviser

**JUSTEIN SANDSMARK**

Geilo

**Tor Håkon Eiken** har den 29.11. eit innlegg for homofilisaka som ikkje bør stå uimotsagt. «Spesielt er vi imot homofile» – skal vera typisk haldning blant kristne. Eg har ennå ikkje møtt ein kristen som er i mot homofile. «Det er ikkje kva du er, men kva du gjer» – som er det essensielle. Eg har anlegg for hor og utruskap i pengesaker, men all den stund eg tøymer min legning og haustar Andens frukt som er definert i Galatarbrevet som sjølv tøyning – skjer ingenting gale. «Gud støyter ikkje bort den som ingenting har gjort.» Det er her Eiken rotar det til for seg med å gå inn for at leg-

ningar bør levast ut. Men det er ei lang rekke handlingar som ikkje er godtekne i samfunnet – utan at ein dermed dreg menneskeverd-kortet. Samfunnet legg dempar på, eller forbyr handlingar som er uttrykk for karakterdrag og legningar som er til skade i mellommenneskelege forhold. Kvifor er det då berre homofil legning som skal godtakast og støttast? Og det er lett å påvisa at både heim og samfunn står seg på å avvisa surrogatsex – nå som før. Ingen berekraftige samfunn har tillate homofil praksis.

**Tor Håkon Eiken** slår inn opne dører: «Vi bør ikke tvinge noen til å endre sin identitet for å bli akseptert.» Kven har sett dette? Det som er inne i eit menneske er

deira eiga sak. Når det kjem til uttrykk blant medmenneske, må det kunna vurderast som nyttig eller unyttig, godt eller gale, sunt eller usunt, akseptabelt eller forkastelig. Når Gud i sitt Ord avviser homofil praksis, så kan ingen kristen «vedta» at dette er eit kjærleiksuttrykk. Å lista opp kva uforstandige kristne har vore motstandar av: – skjegg, musikk, dans og så vidare – er meningslaust. At det har vore gjort uviselege ting i kristne samanhangar opnar ikkje for å gjera ting som uttrykkeleg er åtvare mot i Bibelen. Ved å seia at «Dnk har banet en vei for oss» – er å fastslå at Dnk ikkje er verdig å kallast Jesu Kristi Kyrkje lenger – når ho heilt openlyst velsignar det som Skrifta avviser.

## KRISTEN KULTURARV

## Sanning eller hyklarskap

**VIDAR SÆTRE**

Øvre Ervik

**Pastor Thomas Rake** hadde eit godt innlegg 15/11, med utgangspunkt i dei skriftlærde og farisearane sin hyklarskap omtalt av Jesus i Matt 23:3. Eg følgjer han i at norske kristne har ein tendens til å la «den kristne kulturarven» sin posisjon i samfunnet vera viktigare enn det viktigaste: å sjølv leva i Jesu ord for å gjera som han seier – slik at gudstrua blir relasjonell og ikkje eit system for å sikra kristendommen si makt. Samtidig vil eg påpeika noko i Matt 23:2–3 som han kanskje overser: at Jesu stadfesting av hyklarskap si lære kun må gjelda praktiske spørsmål og ikkje dogmatiske læresetningar. For i Matt 16:11 har me ei åtvaring mot farisearane og saddukearane si lære. Og Jesu ord «alt de dei seier dykk, skal de difor gjera og halda» har eit praktisk fokus, medan dogme (som «trua åleine»

og «nåden åleine») gjev lite hjelp i praktiske spørsmål. Og vidare: Jesu viste til «Mose stol» då han grunn-gav si støtte til tradisjonsvaktarane sine bod. Jesus gav dermed Moses og Moselova større ære enn det desse har fått i tradisjonell kristendom.

**Men eg følgjer** han i at Jesus gjennom Matt 23:3 kallar folk til å venda om frå ein dårleg kristen surdeig til ei sann tru på Jesus – uttrykt med mine ord. Men kor mange vil følgja denne oppfordringa? Og ikkje minst: kor mange vil forstå kva dette konkret handlar om? For min del trur eg mange kristne er sterkt innbakte i ein dårleg tradisjons-surdeig, slik at eg trur det skal ein del til før me får ei vekking der praktisk tru står hogare enn teori. For eg trur surdeig-problemet i stor grad har si rot i tankebygningar som ikkje kjem frå Jesus, men som vart kanoniserte alt i urkyrkja gjennom breva og apokalypsen i NT, ikkje minst i frelseslæra. I alle

fall: fordi kristne reknar seg som Guds utvalde like sterkt som dei jødiske leiarane på Jesu tid gjorde det, må det vera rett å samanlikna kristen tradisjonsvaktning med den tradisjonsvaktninga som dei skriftlærde, farisearane og saddukearane (kvar på sin måte) stod for. Og i lys av Matt 16:11 vil dermed åtvaringar mot ein annan Jesus enn ulike variantar av ein tradisjonsskapt Jesus, stå sentralt i kristen tradisjonisme.

**Men homospørsmålet trur** eg passar dårleg inn i dette mønsteret, sjølv om eg trur Rake har rett i at homodebatten lett kan bli ei markering av eiga rettferd meir enn ein demonstrasjon av kva Jesus ville ha gjort. Men fordi eg trur det å anerkjenne homofil identitet inneber å bryta med ei viktig skaparordning, ser eg ingen motsetnad mellom å elska «homofile» og å stå på barrikadane for tradisjonell kyrkjelære om seksualitet.